

FestidaGen: Er du over 16, kan du prøva segway.

30.07.2015



Malin S. Kjerpeseth(t.h.) og Ingvill E. Myklebust var dei to første som prøvde segway hos Alf Erik N. Fylkesnes.

Eit nytt batteridrive framkomstmiddel har gjort sitt inntog i Uskedalen. Det er segway som har vorte ein hit ute i den store verda. På FestidaGen stiller Alf Erik N. Fylkesnes med to slike sjølvballanserande ståhjulingar. Dette må vera eit spennande tilbod til alle over 16 år som har litt ungdommeleg, friskt blod i årene.

Alf Erik står utanfor skulen på sida mot Spar i dag, torsdag, frå kl.14 til 18. Imorgon er han der frå kl.12 til 16. For ein hundrelapp kan ein få prøva dette spennande 'køyretøyet' i ein time. Ein treng ikkje melda seg på på førehand. Det er berre å stilla opp!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.